



Notat

Dato: 20.06.2018
Arkivsak: 2018/7274-4
Saksbehandlar: rolrose

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

HjemJobb Hjem - modellen

På møte i fylkesutvalet 11.04.2018 sette **Aud Karin Oen**, SV, fram slikt oversendingsforslag:

Fylkesutvalet ber om at administrasjonen greier ut «hjem-jobb-hjem» etter modell frå Stavanger. Herunder og økonomiske konsekvensar.

Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegne av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Svar frå fylkesrådmannen.

Om HjemJobbHjem

HjemJobbHjem (HJH) blei lansert som eit mobilitetsprosjekt retta mot bedriftsmarknaden på Nord-Jæren i 2015 for å bidra til nullvekstmålet. Rogaland Fylkeskommune, Sandnes, Sola, Randaberg og Stavanger kommuner, Statens Vegvesen, Kolumbus og Bysykkelen er partnarar i HJH som er finansiert gjennom Byvekstavtalen for Nord-Jæren (2017-2023). HjemJobbHjem har eit budsjett på 16 MNOK for 2018.

HjemJobbHjem er primært ei informasjonssatsing og er organisert med fire mobilitetsrådgjevarar og ein salgsleiar som skal legge til rette for tiltak som motiverer tilsette i bedriftene til å endre reisevanar til og frå jobb.

338 bedrifter og 46.195 tilsette er knytt til HjemJobbHjem, som tilbyr følgjande produkt og tenester:

- Årleg reisevaneundersøking
- Fri tilgang til Bysykkelen (el-syssel med ladestasjonar)
- Tilgang til å kjøpe HjemJobbHjem-billetten (buss/tog/båt)
- Sykkelservice i bedrifta
- Utlån av el-syklar
- Konkurransar i bedriftene
- Aktivitetar og event i ei eller fleire bedrifter med same lokasjon
- Foredrag om helse og mosjon
- Pilot-prosjekt (sett bilen heime i 12 veker)

Tiltak som vert gjennomførte mot bedriftsmarknaden i Bergensområdet

Skysst har i mange år hatt arbeidsreisande som hovudmålgruppe og har gjennomført ulike kampanjar og kommunikasjons tiltak retta mot denne gruppa. Ein har også gjort ei rekke tiltak mot bedriftsmarknaden, for å oppmunde tilsette i større bedrifter til å reise kollektivt. Mellom anna har ein her:

- Gjennomført stands ute hos bedrifta med utdeling av informasjon og bollar e.l.
- Laga eigne linjekart for relevante linjer i nærleiken av arbeidsplassen
- Utarbeidd oversikt over korleis dei tilsette kan reise til og frå jobb basert på heimeadresser
- Informert om, oppmoda og gitt bistand til å sette opp skjermar med løysing for avgangsvising for næraste haldeplasser i staden for utsending av rutehefte

Tilråding

Frå nasjonale reisevaneundersøkingar veit ein at kollektivandelen i Stavanger er monaleg lågare enn i Bergen. Om lag 9 prosent av totalt samla tal reiser skjer med kollektivtransport i Stavanger mot om lag 15 prosent i Bergen. (Kjelde: Nasjonal reisevaneundersøkelse 2013/14). Også befolkningas tilfredsheit med kollektiv er lågare i Rogaland. Medan Hordaland i 2017 låg på 55 prosent tilfredsheit låg Rogaland på 45 prosent (Kjelde: Norsk kollektivbarometer). Begge fylker har hatt ei positiv utvikling frå 2016 på 6 prosentpoeng. I Hordaland var det i fjor 75 millionar påstigande, talet for Rogaland var 26 millionar. I Bergensområdet har ein i dag lite eller ingen ledig kapasitet på mange avgangar i rushtida. Styrkinga av kollektivtilbodet dei siste åra har også i større grad enn før vore gjort på ettermiddag/kveld og i helg, for å gi dei reisande eit heilskapleg tilbod også utanom jobbrelaterte reiser. Utdringane i Hordaland og Rogaland er såleis nokså ulike.

Kor mykje dei som er del av ordninga reiser og kor stor vekst ein har hatt i tal kollektivreiser sidan ordninga kom i gang er viktige moment å ta omsyn til dersom ein skal vurdere å investere i ei tilsvarande ordning som HjemJobbHjem. Det har dessverre vist seg vanskeleg å få fram konkrete resultat av HJH-satsinga i Rogaland, utover budsjett og tal på bedrifter og tilsette som er tilslutta ordninga. Det vert sendt ut reisevaneundersøkingar til dei bedriftene som deltek i ordninga, og ein har involvert eksterne forskingsmiljø for å gjere ei evaluering. Fylkesrådmannen tilrår at ein ventar til resultat frå desse ligg føre med å vurdere om ein skal innføre ei liknande ordning i Hordaland.